



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 27.09.2016

Sak nr.: 16/4241-7

Internt l.nr. 32331/16

Sak: 41/16

Tittel: Budsjett 2017 / Økonomiplan 2017- 2020 Samferdsle

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1 Hovudutvalet for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda (i mill. kr):

Programområde	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	510,413	544,502	528,631	463,542
730 Bilruter	234,983	226,093	221,393	221,393
731 Fylkesvegferjer	126,829	119,805	130,976	127,659
732 Båtruter	92,534	88,834	86,634	86,634
733 Tilrettelagd transport	10,500	10,500	10,500	10,500
Sum	975,259	989,734	978,134	909,728

2 Hovudutval for samferdsle rår til ei prioritering på tenestenivå for 2017 i tråd med saksutgreiinga.

3 Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 0,675 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott med følgjande fordeling:

- a) 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster
- b) 0,150 mill. kr til prosjektet sykkelby i Førde

4 Søknad frå Flora kommune om midlar til bygging av ferjekai på Skorpa vert ikkje støtta.

5 Søknad frå Skipavika Næringspark AS om midlar til bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua vert ikkje støtta. Prosjektet må vurderast i samband med Regional transportplan 2018-2021.

6 Hovudutval for samferdsle legg til grunn ei fordeling av investeringsprogrammet for fylkesvegar slik det går fram i pkt. 4 i saksutgreiinga.

Endringsframlegg:

Hovudutval for samferdsle kom med følgjande tillegg til punkt 1 i tilrådinga frå fylkesdirektøren:

Hovudutval for samferdsle syner til innsparingskrava i samferdslesektoren. Tiltak på nivå 1 kan gjennomførast innanfor ei ramme på 23,9 mill. kr, jf. tabell i HS-sak 40/16. Tiltak på nivå 2 og 3 har så store negative konsekvensar for tryggleik, tilgjengelegheit, vegservice og miljø at hovudutvalet vil frarå at desse innsparingstiltaka blir gjennomført. Ramma til samferdsle må hevast tilsvarande.

Framlegg til nytt punkt 4 frå AP, MDG, H, SP og V:

Hovudutval for samferdsle ber Fylkesrådmannen/administrasjonen å gå i dialog med Flora kommune for å finne løysingar for å få plass ferjelem på Skorpa (Florabassenget), slik at den kan innarbeidast i budsjettprosessen.

Framlegg frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet til nytt punkt 5:

Søknaden frå Skipavika Næringspark AS om midlar til eit spleiselag for bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua vert støtta med 6 mill kroner. Fylkeskommunen gjer som del av avtalen ikkje tidlegare planlagde tiltak på gamlevegen, men nyttar desse midlane som del av finansieringa. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale med Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune, med mål om å kunne overta ansvaret for vegen når denne er bygd.

Det vert teke atterhald om at slikt tilskot er innanfor gjeldande lovverk.

Avrøysting:

Endringsframlegga vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren si tilråding med vedtekne endringar vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1 Hovudutvalet for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda (i mill. kr):

Programområde	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
722 Fylkesveggar, miljø og trafikktryggingstiltak	510,413	544,502	528,631	463,542
730 Bilruter	234,983	226,093	221,393	221,393
731 Fylkesvegferjer	126,829	119,805	130,976	127,659
732 Båtruter	92,534	88,834	86,634	86,634
733 Tilrettelagd transport	10,500	10,500	10,500	10,500
Sum	975,259	989,734	978,134	909,728

Hovudutval for samferdsle syner til innsparingskrava i samferdslesektoren. Tiltak på nivå 1 kan gjennomførast innanfor ei ramme på 23,9 mill. kr, jf. tabell i HS-sak 40/16. Tiltak på nivå 2 og 3 har så store negative konsekvensar for tryggleik, tilgjengelegheit, vegservice og miljø at hovudutvalet vil frarå at desse innsparingstiltaka blir gjennomført. Ramma til samferdsle må hevast tilsvarande.

2 Hovudutval for samferdsle rår til ei prioritering på tenestenivå for 2017 i tråd med saksutgreiinga.

3 Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 0,675 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott med følgjande fordeling:

- a) 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster
- b) 0,150 mill. kr til prosjektet sykkelby i Førde

4 Hovudutval for samferdsle ber Fylkesrådmannen/administrasjonen å gå i dialog med Flora kommune for å finne løysingar for å få plass ferjelem på Skorpa (Florabassenget), slik at den kan innarbeidast i budsjettprosessen.

5 Søknaden frå Skipavika Næringspark AS om midlar til eit spleiselag for bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua vert støtta med 6 mill kroner. Fylkeskommunen gjer som del av avtalen ikkje tidlegare planlagde tiltak på gamlevegen, men nyttar desse midlane som del av finansieringa. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale med Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune, med mål om å kunne overta ansvaret for vegen når denne er bygd.

Det vert teke atterhald om at slikt tilskot er innanfor gjeldande lovverk.

6 Hovudutval for samferdsle legg til grunn ei fordeling av investeringsprogrammet for fylkesveggar slik det går fram i pkt. 4 i saksutgreiinga.